



**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Gefo Rørservice AS  
pb 1857  
5816 BERGEN

Dykkar ref.  
Vår ref. LSB

Journalp.ID 08/8113  
ArkivsakID 08/1282  
Arkiv nr. GBNR-12/10, N-547

Dato 03.07.2008

**MELDING OM VEDTAK**

**SØKNAD OM LØYVE TIL TILKOPLING TIL OFF. VASSVERK - GNR 12 BNR 10.**

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

**KOMM.AVD. FOR NATUR - NÆRING OG TEKNISKE TENESTER**

*Lillian Straumøy Brakstad*  
Lillian Straumøy Brakstad  
Førstesekretær

Vedlegg

**Kopi til:**  
Terje Tvedt

## MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	30.06.2008	ALM	218/08

Avgjerd av: Kommunalsjef Saksbeh.: Anne Lise Molvik	Ansv. ANB	Arkiv: GBNR- 12/10, N-547 Objekt:	Arkivsaknr 08/1282
--	--------------	---	-----------------------

**SØKNAD OM LØYVE TIL TILKOPLING TIL OFFENTLEG VASSVERK - GNR 12 BNR 10**

**Dokumentliste:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	29.05.2008	Gefo Rørservice AS	SØKNAD OM LØYVE TIL TILKOPLING - GNR 12 BNR 10.
3	I	29.05.2008	Gefo Rørservice AS	SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING.
2	I	30.05.2008	Reidar M Tveit	LØYVE TIL LEGGING OG VEDLIKEHALD AV LEIDNINGER.
4	I	02.06.2008	Gefo Rørservice AS	GODKJENT FØRETAK

**Saksutgreiing:**

Det er søkt om tilknytning til kommunalt vassverk for fritidshus på gnr. 12 bnr. 10 på Nedre Tveit. Eigedomen skal knytast til kommunal leidning i kum via ny stikkleidning som er felles med gnr. 12 bnr. 14.

Det ligg føre godkjend utsleppsløyve, felles minirensanlegg med gnr. 12 bnr. 14, jmf. DNT sak nr. 216/08.

Det manglar erklæring med løyve til å leggja stikkleidning over gnr. 11 bnr. 6.

Naudsynte ansvarsrettar ligg føre.

**Vurdering:**

Tilknytning skal skje i kum og elles på vanlege kommunale vilkår.

Søklar må sjølv inngå avtalar med grunneigarar om å leggja leidningar over privat eigedom. Leveringsvilkåra frå kommunen si side er dei same anten tilknytning skjer direkte på kommunal leidning eller om private leidningar. Private avtalar bør alltid tinglysast.

**VEDTAK:**

”Meland kommune godkjenner at gnr.12 bnr. 10 vert tilknytt kommunalt vassverk på følgjande vilkår:

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje Normalreglement for sanitæranlegg, Kommuneforlaget.
- Det må hentast inn erklæring frå grunneigar med løyve til å leggja leidningsnett over privat eigedom.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2008 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- pluss mva.
- Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter og Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.”

**Rett utskrift**

Dato: 8/7-08

*Anny Bastesen*  
Kommunalsjef

**Kopi til:**

Gefo Rørservice AS  
Terje Tvedt


**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Terje Tvedt  
 Åmundsdalen 139  
 5115 ULSET

Dykkar ref.  
 Vår ref. LSB

Journalp.ID 08/8137  
 ArkivsakID 08/1416  
 GBNR-12/10, GBNR-  
 Arkiv nr. 12/14, N-546.5

Dato 03.07.2008

**MELDING OM VEDTAK**
**SØKNAD OM UTSLEPP TIL MINIRENSEANLEGG FOR GNR 12 BNR 10 OG  
 GNR 12 BNR 14 PÅ TVEIT.**

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

**KOMM.AVD. FOR NATUR - NÆRING OG TEKNISKE TENESTER**

*Lillian Straumøy Brakstad*  
 Lillian Straumøy Brakstad  
 Førstesekretær

Vedlegg

**Kopi til:**  
 Gefo Rørservice AS





**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

**UTSLEPP FRA SEPARATE AVLAUPSANLEGG**

**MINIRENSEANLEGG**

I medhald av forskrift om utslepp fra separate avlaupsanlegg får

*Terje Tvedt - for eigedom gnr 12 bnr 10 – og*

*Jan Mortensen – for eigedom gnr 12 bnr 14 -*

*på Tveit - i Meland kommune*

løyve til å føre avlaupsvatn frå 2 fritidsbustader med vassklosett til prefabrikkert minirenseanlegg.

Type bygg: Fritidsbustader

Avlaupsanlegget skal vere typegodkjent av Statens forurensingstilsyn (SFT).

Anlegget skal bestå av følgjande renseprosess(ar):  
**Biologisk/kjemisk minirenseanlegg kl. 1 med godkjend etterpolering.**

Service- og tilsynsavtale skal kontraktfestast med eit firma/person som er godkjend av kommunen, eventuelt at kommunen sjølv utfører service og tilsyn.

Ansvarshavande: **Gefo Rørservice AS**

Ansvarshavande skal varsle kommunen om når anlegget vert teke i bruk.

Dersom arbeidet ikkje er igongsett innan 3 år etter at utsleppsløyve er gitt, fell løyve bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år.

Sjølv om vilkåra i dette løyvet vert følgd opp, pliktar den som forårsaker forureining å svare erstatning som følgjer av alminnelege erstatningsreglar.

Eigedomen kan seinare verte krevd tilknytta felles kloakknnett.

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå det er motteke. Klage skal vere grunngjeve og skal innan fristen går ut sendast kommunen.

MELAND KOMMUNE  
Kommunale for natur, næring og tekniske tenester  
03.07.08

*Lillian Straumøy Brakstød*  
Lillian Straumøy Brakstød

## MELAND KOMMUNE

### SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	27.06.2008	ALM	216/08

<b>Avgjerd av:</b> Kommunalsjef	<b>Ansv.</b>	<b>Arkiv:</b> GBNR-	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbeh.:</b> Anne Lise Molvik	ANB	12/10, GBNR- 12/14, N-546.5	08/1416
		<b>Objekt:</b>	

#### SØKNAD OM UTSLEPP TIL MINIRENSEANLEGG FOR GNR 12 BNR 10 OG GNR 12 BNR 14 PÅ TVEIT.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
5	I	29.05.2008	Terje Tvedt	SØKNAD OM UTSELPPSLØYVE - GNR 12 BNR 10.
1	I	29.05.2008	Jan Mortensen	SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE.
3	I	29.05.2008	Gefo Rørservice AS	SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING.
2	I	30.05.2008	Reidar M Tveit	LØYVE TIL LEGGING OG VEDLIKEHALD AV LEIDNINGER.
4	I	02.06.2008	Gefo Rørservice AS	GODKJENT FØRETAK

#### Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve for to hytteeigedomar, gnr. 12 bnr. 10 og 14 på Tveit. Det skal monterast vassklossett i hyttene. I samsvar med søknad skal avlaupet rensast i typegodkjent minirensesanlegg kl. I før utslepp til terreng på hovudbruket.

Felles minirensesanlegg skal plasserast på eigedomen gnr. 12 bnr. 1. Det ligg føre erklæring med løyve til å ha anlegget og leidningar plassert her.

#### Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav om rensing av avlaupsvatn i minirensesanlegg kl. I. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø. Det må hentast inn løyve til å føre avlaupsvatnet frå minirensesanlegget ut på naboeigedomen. Eigiar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jfr. § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5.

**VEDTAK:**

"Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5, utsleppsløyve for to hytter på gnr. 12 bnr. 10 og 14 i samsvar med søknad stempla motteke 02.06.2008 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minirensanlegg klasse I med godkjend etterpolering ( sandfilter kum eller liknande) .
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minirensanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Det skal liggje føre erklæring med løyve til å føre avlaupsvatnet frå minirensanlegget ut på naboeigedomen.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

*Om rett til å klaga, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)*

**Rett utskrift**

**Dato:**

1/7-08

Anny Bastisen  
Kommunalsjef

**Kopi til:**

Gefo Rørservice AS  
Jan Mortensen  
Terje Tvedt